



Endre Valdersnes
Isdalstøbakken 24
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/547 - 23/11233

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
09.02.2023

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 137/765

Alver

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom/ deling
Byggjestad: Gbnr 137/765
Tiltakshavar: Endre Valdersnes
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.01.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er kryssa av for dispensasjonssøknad i søknadsskjemaet utan at denne er lagt ved. Føresegnene til kommunedelplan Knarvik- Alversund med Alverstraumen set krav til at område som er sett av til byggeområde skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevast løyve til mellom anna deling. Det må søkjast om dispensasjon frå plankravet sett i føresegnene punkt 2.2. Alternativt må det synleggjerast at vilkåra for unntak frå plankravet er oppfylte jf. Føresegnene punkt 2.2.1. Søknad om dispensasjon skal nabovarslas. Informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#)
2. Det må leggjast fram løyve til utvida bruk av avkøyrsløse frå kommunal veg. Søknad om utvida bruk av avkøyrsløse gjer ein på Statens vegvesen si nettside. Søknaden vert ruta til kommunen når det gjeld kommuneveg.
3. Det er i søknadsskjemaet kryssa av for at nye bruksrettar knytt til veg, vatn og avløp er sikra og dokumentasjon vedlagt. Kommunen kan ikkje sjå at dette er vedlagt. Dokumentasjonen må leggjast fram.
4. Søknad om deling er sendt inn før fristen for å komma med nabomerknader var ute. Det må gjerast greie for om det er komme inn nabomerknader. Desse må eventuelt kommenterast og sendast inn.
5. Gjenpart av nabovarsel/ skjemaet «Opplysningar gjeve i nabovarsel» er ikkje lagt ved søknaden. Dette må sendast inn.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 12.03.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Endre Valdernesnes

Isdalstøbakken 24

5916

ISDALSTØ